Arbeidstilsynet held fram arbeidet retta mot inneklima i offentlege bygg, mellom anna i skular. I satsinga innan bygg og anlegg blir det fokusert på kommunane si rolle som byggherre. I 2014 starta innsatsen retta mot kommunane sine plikter etter lov om offentlege anskaffelser. I 2015 vil det bli tilsyn med dette i kommunane i Sør-Rogaland. Elles held Arbeidstilsynet fram med tilsynsprosjekt knytt til sosial dumping, inkluderande arbeidsliv (IA), industri, ulykker, støy, organisatorisk- og psykososialt arbeidsmiljø og ergonomi.

Mattilsynet skal auke tilsynsmengda i 2015. I tillegg til å føre tilsyn med risikoverksemder, blir det fleire mindre omfattande tilsyn i Mattilsynet sin portefølje. Tilsyna vil i hovudsak ikkje varslast. Det blir tilsyn med vassverk i risikoklasse 1 og vassverk i risikoklasse 3 og 4 som ikkje har analysert for mikrobiologi i 2014. I tillegg blir det tilsyn med institusjonsskjøkken. Andre prioriterte oppgåver der kommunane kan bli involverte er tilsyn med kjæledyr. Det kan bli aktuelt å sjå nærare på handtering av problematikken og ansvaret rundt eigarlaus kattar. Det kan også vere av interesse at Mattilsynet skal gjennomføre ein tilsynskampanje med brannsikring i svinehald. Samtidig vil tilsynet undersøke MRSA (*meticilinresistente Staphylococcus aureus*). Påvising av MRSA vil få konsekvensar for folkehelsa.

Statsarkivet i Stavanger skal ha tilsyn med fem kommunar i 2015. Tema for tilsynet er arkivlova med tilhøyrande forskrift. Tilsynet vil hovudsakleg dreie seg om arkivplanlegging, elektroniske

arkiv og arkivlokale. Når det gjeld Haugesund vil ein og sjå på arkiv som er knytt til kommunen si deltaking i næringsutvikling og -tilrettelegging, retta mot offshore-industrien. I tillegg vil Statsarkivet foreta eit kartleggingstilsyn i ein kommune for å få oversyn over arkivhaldet og dei fagsystema som kommunen brukar. Dette vil vere eit dokumentbasert tilsyn utan at dei gjennomfører ein revisjon i kommunen dette året.

Kartverket skal ha eitt tilsyn i Rogaland neste år. Sola kommune er trekt ut til matrikkeltilsyn hausten 2015. Sola har og hatt matrikkeltilsyn tidlegare. Kartverket ønskjer derfor å gjere merksam på at måten dei trekkjer ut kommunane for tilsyn, av og til kan føre til at same kommune får to tilsyn kort tid etter kvarandre.

Fylkesmannen sine planlagde tilsyn er for det meste innarbeidd i oversikta. Her finn de informasjon om kva tema som blir tatt opp. I denne oversikta er og Fylkesmannen sin forvaltningskontroll når det gjeld landbruk.

Fylkesmannen si helse- og sosialavdeling skal i 2015 gjennomføre landsomfattande tilsyn med samhandling om utskriving av pasientar frå sjukehus til kommunen. Tilsynet omfattar somatiske helsetenester, ikkje rus og/eller psykiatri. Fylkesmannen skal plukka ut to kommunar i sør-Rogaland. Dette på bakgrunn av statistikk frå SUS som viser kor mange pasientar som er utskrivne til kommunane dei fyrste månadane i 2015. Sjølv tilsynsbesøka er planlagde i mai/juni. Dei to kommunane som det vil bli ført tilsyn med vil få skriftleg melding om tilsynet i mars.

Helse- og sosialavdelinga vil og gjennomføre stikkprøvetilsyn med saksbehandlinga etter helse- og omsorgslova i Sandnes, Karmøy, Eigersund og Time kommune. I tillegg vil det bli gjennomført sjølvmeldingstilsyn på områda folkehelse, rehabilitering og NAV-kontora sine sosiale tenester til personar mellom 17 til 23 år. Dette vil bli gjennomførte i mest alle kommunane. Det vil tidleg i 2015 bli send ut brev med opplysningar om tema, gjennomføring og tidsplan for desse tilsyna.

Vi gjer merksam på at umelde eller hendingsbaserte tilsyn ikkje er med i oversikta.

Dette brevet og oversikta over planlagde tilsyn finn de og på www.fylkesmannen.no/rogaland. Her er Fylkesmannen sin tilsynskalender og –rapportar, informasjon om samordning av statlege tilsyn og lenkjer til dei andre statlege tilsynsetatane.

Med helsing

Magnhild Meltveit Kleppa
fylkesmann

Lone M. Solheim
avdelingsdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Saksbehandlar: Grete Flåten
Saksbehandlar telefon: 51 56 88 36
E-post: fmrogfl@fylkesmannen.no

1 vedlegg

Kopi: sjå vedlagte adresseliste

Kopi:

Arbeidstilsynet – tilsynskontor Stavanger v/Gro Ellingsen	Postboks 4720 Sluppen	7468 TRONDHEIM
Mattilsynet, Regionkontor for Rogaland og Agder v/Gunnar Mar Gunnarsson	Postboks 383	2381 BRUMUNDDAL
Kartverket Stavanger v/Liv Mari Nesje	Tinngata 8	4014 STAVANGER
Statsarkivet i Stavanger v/Synnøve Østebø	Bergelandsgata 30	4012 STAVANGER
Rogaland kontrollutvalgssekretariat	Postboks 583	4305 SANDNES
Haugaland kontrollutvalgssekretariat	Postboks 57	5575 AKSDAL
Rogaland fylkeskommune, kontrollutvalgets sekretariat	Postboks 130	4001 STAVANGER
KS Rogaland	Postboks 539	4003 STAVANGER
Rogaland revisjon	Lagårdsveien 78	4010 STAVANGER
Deloitte AS	Postboks 6013, Postterminalen	5892 BERGEN
BDO AS	Luramyerveien 40	4013 STAVANGER
KPMG AS	Karmsundgata 72	5529 HAUGESUND
Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap	Postboks 2014	3103 TØNSBERG
Norges vassdrags- og energidirektorat	Postboks 5091 Majorstuen	0301 OSLO
Miljødirektoratet	Postboks 5672 Sluppen	7485 TRONDHEIM
Kystverket	Postboks 1502	6025 ÅLESUND
Datatilsynet	Postboks 8177 Dep.	0034 OSLO
Nasjonal sikkerhetsmyndighet	Postboks 14	1306 BÆRUM POSTTERMINAL
Kartverket v/Anders Fekjær	Landdivisjonen	3507 HØNEFOSS

Statlege tilsyn og kontroll med kommunar i Rogaland og fylkeskommune 2015 – Fylkesmannen, Statsarkivet og Kartverket

FNT/Landsomfattande tilsyn/nasjonale tilsyn = Nasjonale tilsynskampanjar styrt av sentrale styresmakter (Helseilsynet sentralt/Utdanningsdirektoratet), utført lokalt

Kommune/fylkeskommune	Fylkesmannen Helse- og sosial-avdelinga	Fylkesmannen Utdannings-avdelinga	Fylkesmannen Samfunns-avdelinga	Fylkesmannen Landbruks-avdelinga	Statsarkivet	Kartverket
 <u>BJERKREIM</u> 1. halvår						
2. halvår	Barnvern tenesta - eignevalueringstilsyn					
 <u>BOKN</u> 1. halvår						
2. halvår		FNT: Elevane sitt utbytte av opplæringa		Forvaltningskontroll Felles med Tysvær og Haugesund (utsett frå 2014)		
 <u>EIGERSUND</u> 1. halvår	Fastleggetilsyn Stikkprøvetilsyn: saksbehandling etter helse- og omsorgslova			Forvaltningskontroll Felles m Sokndal		
2. halvår	Barnvern tenesta - eignevalueringstilsyn					
 <u>FINNØY</u> 1. halvår						
2. halvår						
 <u>FORSAND</u> 1. halvår		FNT: Elevane sitt utbytte av opplæringa			Dokumentbasert kartleggingstilsyn (arkivlova)	

[illegible]

			Barnvernstenesta – Eigenevalueringstilsyn			
		2. halvår				
	<u>SOLA</u>	1. halvår		Skulane sitt arbeid med elevane sitt psykososiale miljø.		
		2. halvår			Forvaltningskontroll	Matrikkellova
	<u>STAVANGER</u>	1. halvår	Fengselshelsetenesta	Spesialpedagogisk hjelp for opplæringspliktig alder.		
		2. halvår	Kommunal styring av private teneste- leverandørar av helse- og omsorgstenester			
	<u>STRAND</u>	1. halvår			Forvaltningskontroll	
		2. halvår		Økonomisk likeverdig behandling		Arkivlova
	<u>SULDAL</u>	1. halvår	Barnvernstenesta – kommunen sitt arbeid med meldingar			
		2. halvår			Forvaltningskontroll	
	<u>TIME</u>	1. halvår	Stikkprøvetilsyn: saksbehandling etter helse- og omsorgslova			
		2. halvår	Barnvernstenesta - eigenevalueringstilsyn		Samfunnsbyggjeik og beredskap	
	<u>TYSVÆR</u>	1. halvår			Forvaltningskontroll Felles med Bokn og Haugesund (utsett frå 2014)	

Forsvarleg system -
spesialundervisning

2. halvår

UTSIRA

1. halvår

2. halvår

VINDAFJORD

1. halvår

2. halvår

FNT: Elevane sitt utbytte
av opplæringa

ROGALAND
FYLKESKOMMUNE

1. halvår

2. halvår

Kontaktperson for dei planlagde tilsyna:

Fylkesmannen i Rogaland,

- Grete Flåten, Samfunnsavdelinga, tlf.: 51 56 88 36/ 975 02 448
- Hjalmar Arnø, Utdanningsavdelinga, tlf.: 51 56 87 41
- Lillian K. Gjennestad, Helse- og sosialavdelinga, tlf.: 51 56 88 64
- Sissel C. Endresen, Landbruksavdelinga, tlf.: 51 56 89 60

Statsarkivet i Stavanger

- Synnøve Østebø, tlf.: 51 50 12 60

Kartverket

- Liv Mari Nesje, tlf.: 51 85 88 55



9

Kontrollutvalet i Tysvær

Statusoversikt februar 2015

Saker frå bestilling til behandling i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjon	Bestilling	Tidsbruk	Status	Ferdig dato	Merknader
<i>Internkontroll</i>	03.02.15, sak 3/15	210 timer	Under bestilling	Mai 2015	KPMG as
Selskapskontroller					
<i>Haugaland Kraft AS og Hgl Næringspark AS</i>	09.09.14, sak 19/14	38 timer (380 t.)	Under arbeid	februar 2015	Deloitte as
Andre saker					

Saker under politisk behandling eller til oppfølging i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjon	Bestilt	Behand- ling i KU	Behand- ling i KST	Planlagt oppfølging	Merknader
<i>Vedlikehold av komm. bygg og anlegg»</i>	28.05.13, sak 16/13	12.11.13, sak 21/13	26.11.13 , sak 62/13	Hausten 2014	
<i>«Budsjett – og økonomistyring»</i>	11.02.14; sak 10/14	09.09.14, sak 18/14	28.10.14, sak 51/14	Juni 2015	inntil 200 t
Selskapskontroll					
Haugaland Kraft AS	09.09.14, sak 19/14	Våren 2015			38 timer
Andre saker					

Avslutta prosjekter pr. februar

Forvaltningsrevisjon	Bestilt	Behandla i KU	Behandla i KST	Fylgt opp	Merknader
Plan for forvaltnings- revisjon 2012-2016	22.05.12 sak 11/12	20.11.12, sak 23/12	08.12.12 Sak 91/12	I 4-års perioden	
Selskapskontroll					
Plan for selskaps- kontroll 2012- 2016	–	18.09.12, sak 18/12	08.12.12 sak 92/12	I 4-års perioden	
Interkommunalt Arkiv Rogaland IKS	24.05.12 sak 11/12	05.03.13, sak 3/13	19.03.13 sak /13	26.11.13, sak 61/13	
Andre saker					

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	03..02.15	3/15

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	216	

PROSJEKTPLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON – «INTERNKONTROLL I TYSVÆR KOMMUNE»

Vedlegg: **KPMG:** Utkast til prosjektplan- «Interkontroll - Tysvær kommune»,
(to versjonar, med og uten s. 7 som ikkj er off., Offl § 13/Forv.§ 13)

Saksorientering:

I møte 12.11.13, sak 22/13 bestilte kontrollutvalet ein prosjektplan innanfor temaet "Interkontroll/kvalitetssystem" frå KPMG. Utkast til plan er oversendt sekretariatet 23.01.15.

Bakgrunn

Internkontroll er eit prioritert tema i Plan for forvaltningsrevisjon 2012-2015, som vart vedteke i kommunestyret 18.12.12. I den overordna analysen til planen går det mellom anna fram:

"God internkontroll er eit verkemiddel for å sikre at mål blir nådd og krav blir etterlevd, til dømes at innbyggjarane blir tilbydd dei tenester som dei har krav på. Rådmannen er i kommunelova pålagt å sørge for internkontroll for å sikre at kommunen oppfyller lov, forskrifter og politiske vedtak. "

"I spørjeundersøkinga, sendt ut til alle avdelings- og einingsleiarar i kommunen, meinte over 40% at kommunen kan bli betre på internkontroll. Fylgjande årsaker blei mellom anna nemnt:

- *fragmentert og uoversiklig internkontroll*
- *mange rutinar som ikkje er skriftleg nedfelt*
- *manglande fokus og tid*
- *lite kunnskap."*

Føremål og problemstillingar

Revisor foreslår i det vedlagte utkast til prosjektmandat at føremålet med prosjektet vil vere:

«å undersøke om kommunen sine pågåande prosessar og kontrollpunkt knytt til internkontroll og kvalitetssystem er gode.

Det vil og vere eit føremål å gje tilrådingar for forbetringar der det er naudsynt.»

Forvaltningsrevisjonen skal dekke heile kommunen si verksemd; stab, skule, barnehage, kultur, aktivitet og omsorg, helse og førebygging, teknisk.

Forvaltningsrevisjonen vil gje svar på fylgjande problemstillingar:

1. I det pågåande arbeidet med nytt kvalitetssystem:

- a) I kva grad har dette arbeidet bidrege til å avdekke manglar ved kvalitetsstyringa i kommunen?
- b) Kva er eventuelle manglar pr. i dag og kva form har dei?
- c) Kva kan kommunen gjere for å avbøte dei eventuelle manglane som ligg føre i dag?

2. I kva grad er prosessen med nytt kvalitetssystem tilpassa prosessen med nytt styringssystem?

- a) Er det samanheng mellom styringssystem, internkontroll og kvalitetssystem?
- b) Korleis er kvalitetssystemet integrert i styringssystemet?
- c) Korleis vert kvalitet på tenestene til kommunen teke omsyn til i samspelet mellom styringssystem og kvalitetsstyringssystemet?

3. På bakgrunn av vurderingane til problemstilling 1 og 2, bør kommunen ta korrigerande grep for å sikre god internkontroll og god kvalitet på tenester?

Ressursbruk

Slik prosjektet nå ligg føre er det estimert ein ressursbruk på 210 timar. Timane er innanfor det som kommunestyret har sett av i budsjettet til forvaltningsrevisjon i 2015. Ut frå avtalt pris vil prosjektet komme ca kr 200.000 eks. mva.

Når det gjeld aktivitets- og framdriftsplan har KPMG bede om at det ikkje er offentleg, då den syner selskapet si disponering av ressurar. Sekretariatet har teke ut denne sida (s.7) med heimel i Off.love § 13/ Forv. Lov § 13 og legg den berre fram i møtet.

KPMG skriv at oppstart vil vere i februar, datasainnsamling i mars og april. Rapport vil kunne vere klar i slutten av mai. Utvalet skal hasitt rekneskapsmøte 19. mai og det er lite truleg at rapport er klar til dette møtet. Nest møte vil då bli til hausten 1. september og rapporten vil då bli lagd fram for kommunestyret 29. september.

Kontrollvalet må før endelig bestilling ta stilling til om dei føreslåtte problemstillingane dekkjer det kontrollutvalet ønskjer å oppnå med prosjektet.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Tysvær kontrollutval bestiller forvaltningsrevisjonsprosjektet "Internkontroll" i tråd med det utkastet til prosjektplan som ligg føre/ evt. med desse endringane:
Ramma vert sett til 210 timar.

Aksdal, 27.01.15



Toril Hallsjø

Dagleg leiar/utvalssekretær



cutting through complexity™

Prosjektplan for forvaltningsrevisjon

"Internkontroll"


Tysvær kommune

23. januar 2015

VEDWEGG

SAK 3/15

Haugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKS
Mottatt dato: 23.01.15
Journalført: 15/032/ta
Arkivkode: 216



Innhold

1	Innleiing	1
1.1	Valt forvaltningsrevisjonsprosjekt	1
1.2	Bakgrunn	1
1.3	Førebuingar	1
2	Føremål, problemstillingar og kriteria	4
2.1	Føremål og avgrensingar	4
2.2	Problemstillingar	4
2.3	Revisjonskriteria	5
3	Tilnærming	6
3.1	Metode	6
3.2	Aktivitets- og framdriftsplan (unntatt off. Off §13/Forw §13)	6
4	Utførande revisorar	8
5	Honorar (iht. aut. timepris)	9

1 Innleiing

1.1 Valt forvaltningsrevisjonsprosjekt

Kontrollutvalet i Tysvær kommune har i møte 11. november 2014 bestemt seg for å gjennomføre forvaltningsrevisjonsprosjekt om "Internkontroll", og har bedt KPMG om å utarbeide ein prosjektplan. Planen vil bli handsama i kontrollutvalsmøte 3.2.2015.

1.2 Bakgrunn

"Internkontroll / kvalitetssystem" er eit område i Plan for forvaltningsrevisjon 2012-2015, som vart vedteke i kommunestyret 18.12.2012. I den overordna analysen til planen går det mellom anna fram:

"God internkontroll er eit verkemiddel for å sikre at mål blir nådd og krav blir etterlevd, til dømes at innbyggjarane blir tilbydd dei tenester som dei har krav på. Rådmannen er i kommunelova pålagt å sørgje for internkontroll for å sikre at kommunen oppfyller lov, forskrifter og politiske vedtak."

"I spørjeundersøkinga, sendt ut til alle avdelings- og einingsleiarar i kommunen, meinte over 40% at kommunen kan bli betre på internkontroll. Følgjande årsaker blei mellom anna nemnt:

- fragmentert og uoversiktlig internkontroll
- mange rutinar som ikkje er skriftleg nedfelt
- manglande fokus og tid
- lite kunnskap."

1.3 Førebuingar

I forkant av kontrollutvalet si tinging av prosjektet, har det vore ein prosess der moglege tema og vinklingar i forvaltningsrevisjonen har vore drøfta. I analysen for forvaltningsrevisjonsplanen vart det identifisert område for betring knytt til internkontrollen:

"I spørjeundersøkinga blei det spurt i kva grad kommunen vektlegger kvalitetssikring og avvikshandtering. Om lag 10 % svarar i liten grad; 46 % svarar middels mens 18 % svarer at dei ikkje veit. Mangel på tid, fokus og ikkje gode nok system er døme på årsaker som vert nemnt. Det er også fleire som peikar på at kommunen manglar eit heilskapleg kvalitetssystem."

I kontrollutvalet si handsaming av nytt prosjekt, vart det trekt fram at kommunen i stor grad synes å mangle skriftlege rutineskildringar innanfor tekniske tenester. Utvalet stiller spørsmål om dette er eit generelt problem og om dette kan påverke kvaliteten på kommunen sine tenester? Ytterligare operasjonalisering vart ikkje gjort i utvalet, men ein synte til plan for forvaltningsrevisjon som mellom anna peikar på krav til internkontroll etter kommunelova og rutinar for internkontroll, kvalitetssikring og avvikshandtering i tenesteproduksjonen.

Betryggande internkontroll er eit ansvar som kviler på rådmannen i einkvar kommune. Det å syta for tilstrekkeleg og gode system, rutinar og prosedyrar vert som oftast delegert ut i organisasjonen. Personal- og organisasjonseiningar er ofte svært sentrale i dette arbeidet.

I Tysvær kommune har det sidan 2012 vore eit mål om å utvikle eit årshjul og eit heilskapleg styringssystem. Samstundes og parallelt, er ein no i ferd med å implementere kvalitetssystemet Risk Manager i heile kommunen; både modul for dokumentasjon og modul for avvikshandsaming. Det er personal og organisasjon som "eig" og har ansvar for dette systemet.

Pr. i dag har det vore gjennomført opplæring og kursing i dokumentasjonsmodulen. Ein har fått på plass ein del rutinar, men det er fortsatt einingar som har eit stykke arbeid igjen. I høve til avviksmodulen, er det no starta opp opplæring, både i høve til teneste og HMT. Barnehagane og personaleininga er fyrst ute.

1.3.1 Kort om samanhengen mellom internkontroll og kvalitetssystem, samt risikostyring¹

Hvordan nå og etterleve mål? Prosesser, systemer og rutiner for å nå mål utgjør sikkerheten for å ha kontroll på måloppnåelse – dette betegner **internkontrollen**. Internkontroll favner med andre ord vidt, men bør som et minimum ha fokus på 5 særskilt viktige element:


- Styrings- og kontrollmiljø (heri organisering, roller, ansvar & fullmakter, kompetanse, verdier og holdninger)
- Risikostyring
- Kontrollaktiviteter
- Informasjon og kommunikasjon (heri ledelsens oppfølging)
- Overvåking og oppfølging

Risikostyring er tett forbundet med internkontrollen; risiko til mål blir identifisert og vurdert. Der hvor det etter kommunens vurdering er for stor risiko ved mål – for at mål ikke kan nås – etableres tiltak for å redusere risiko.

Med integrert **risikostyring** menes risikostyring på flere nivå i virksomheten, og at risikostyringen er en integrert del av styringssystemet. Hver enhet eller fagområde lager sitt risikobilde, over de hendelser som vil ha en negativt utfall på deres evne til å nå de mål som er satt innenfor dette fagområdet. Til hver av disse hendelsene knyttes en sannsynlighet og konsekvens, samt hvilke tiltak som er iverksatt for å redusere denne risikoen. Dette risikobildet aggregeres da opp til et høyere nivå, der det sammenstilles med risikobildet på dette nivå. Dette vil da medføre et helhetlig risikobilde for ledelsen. Et slikt bilde bidrar til:

- Felles situasjonsforståelse
- Fokus på risiko på alle nivå
- Mulighet til å rette ressurser på riktige tiltak
- Å gi riktig tilbakemelding til styret og eier
- Å fokusere på fremtid og på tiltak

Et **kvalitetssystem** er som risikostyring også tett forbundet med internkontrollen, men kvalitetssystemet har en annen primærfunksjon enn risikostyring. Kvalitetssystemet regulerer hvordan prosesser og arbeidsoppgaver skal gjennomføres og inneholder prosedyrer og rutiner som skal sikre den enkeltes rolle og ansvar, i en etat, resultatenhet og avdeling. Dette for å sikre kvalitativt



¹ Forkorta og bearbeida versjon av KPMG sin rettleiar for god verksemdstyring i kommunal sektor

gode prosesser og tjenester. Disse prosedyrer og rutiner bygger ofte på regelverk og retningslinjer – eksterne og interne - som regulerer virksomheten.

Med andre ord så er kvalitetssystem et praktisk verktøy som sikrer tydelighet rundt interne prosedyrer, oppgaver og ansvarsforhold – noe som er med på å styrke internkontrollen og tiltak som er etablert i forlengelsen av risikostyringen.

Tekniske kvalitetssystem inneholder og svært ofte avviksmøduler som kan brukes til å rapportere, håndtere og dokumentere avvik på prosedyrer og rutiner. Denne avviksinformasjonen vil i sin tur være nyttig informasjon til hvordan internkontrollen faktisk fungerer og igjen kunne være grunnlag for korrigering av kontrollaktivitetene og forbedring av prosesser og tiltak

2 Føremål, problemstillingar og kriteria

2.1 Føremål og avgrensingar

Føremålet med revisjonen vil vere å undersøke om kommunen sine pågåande prosessar og kontrollpunkt knytt til internkontroll og kvalitetssystem er gode. Det vil og vere eit føremål å gje tilrådingar for forbetringar der det er naudsynt.

Forvaltningsrevisjonen skal dekke heile kommunen si verksemd; stab, skule, barnehage, kultur, aktivitet og omsorg, helse og førebygging, teknisk.

2.2 Problemstillingar

1. I det pågåande arbeidet med nytt kvalitetssystem:
 - a) I kva grad har dette arbeidet bidrege til å avdekke manglar ved kvalitetsstyringa i kommunen?
 - b) Kva er eventuelle manglar pr. i dag og kva form har dei?
 - c) Kva kan kommunen gjere for å avbøte dei eventuelle manglane som ligg føre i dag?
2. I kva grad er prosessen med nytt kvalitetssystem tilpassa prosessen med nytt styringssystem?
 - a) Er det samanheng mellom styringssystem, internkontroll og kvalitetssystem?
 - b) Korleis er kvalitetssystemet integrert i styringssystemet?
 - c) Korleis vert kvalitet på tenestene til kommunen teke omsyn til i samspelet mellom styringssystem og kvalitetsstyringssystemet?
3. På bakgrunn av vurderingane til problemstilling 1 og 2, bør kommunen ta korrigerande grep for å sikre god internkontroll og god kvalitet på tenester?

2.3 Revisjonskriteria

Til problemstillingane vert det oppstilt revisjonskriteria. Revisjonskriteria er dei krav eller normer som tilstand og/eller praksis i kommune vert målt mot. Revisjonskriteria må vere aktuelle, relevante og gyldige for kommunen. Ved val av revisjonskriteria vert det tatt utgangspunkt i oppstilte problemstillingar.

Aktuelle kjelder til å utleie revisjonskriteria vil i dette prosjektet vere:

- **Kommunelovens § 23 om administrasjonssjefens oppgaver og myndighet**, som seier at:
 - *Administrasjonssjefen skal påse at de saker som legges fram for folkevalgte organer, er forsvarlig utredet, og at vedtak blir iverksatt. Administrasjonssjefen skal sørge for at administrasjonen drives i samsvar med lover, forskrifter og overordnede instruksjer, og at den er gjenstand for betryggende kontroll.*
- **God praksis for internkontroll**. Vi vil her byggje på KS sine tilrådingar, "rådmannens internkontroll, 2013.
- **COSO², Enterprise Risk Management**. Dette er det overordna rammeverk for internkontroll

² COSO er en forkortelse for The Committee of Sponsoring Organizations of the Treadway Commission, en arbeidsgruppe bestående av fem organisasjoner som har engasjert seg i å strukturere hvordan organisasjoner kan etablere egnede effektive styrings- og kontrollstrukturer. De fem organisasjonene er American Institute of Certified Public Accountants, American Accounting Association, The Institute of Internal Auditors, Institute of Management Accountants og Financial Executives Institute. I 1992 publiserte COSO et rammeverk for intern kontroll som i dag trolig er det mest aksepterte utgangspunktet som finnes internasjonalt for utvikling av intern styring og kontroll. I 2004 utga COSO «Enterprise Risk Management – Integrated Framework» som integrerer det opprinnelige COSO rammeverket, men utvider perspektivet ved å utvikle risikostyringsperspektivet.

3 Tilnærming

3.1 Metode

I fyrste omgang vil vi samle inn det kommunen har av dokumentasjon som er relevant i høve til temaet i denne forvaltningsrevisjonen. Dokumentasjon vil bli nøye gjennomgått og analysert.

Det vil og bli gjennomført intervju med tilsette i kommunen som er involvert i prosessar knytt til styringssystem, internkontroll og nytt kvalitetsstyringssystem. Det kan til dømes vere rådmannen, personal- og organisasjonssjef, leiarar av tenesteområde og prosjektleiar for nytt kvalitetsstyringssystem.

Ved gjennomføring av intervju vil det bli utarbeida intervjuguidar. Frå kvart intervju vil det bli skrive referat som vert sendt respondenten(e) til verifisering (gjennomlesing og eventuell korrigering). Svar frå respondentar vil bli analysert og samanstillt med øvrig dokumentasjonen. Våre funn vil deretter bli vurdert opp mot revisjonskriteria.

3.2 Aktivitets- og framdriftsplan

Figuren under viser forslag til aktivitets- og framdriftsplan. KPMG ber om at vår aktivitets- og framdriftsplan vert unnateke offentlegheit, då den syner KPMG si disponering av ressursar.

4 Utførande revisorar

4.1.1 Team KPMG

KPMG sitt team i forvaltningsrevisjonen består av:

Partner Roald Stakland

Prosjektleder Director Ole Willy Fundingsrud

Prosjektdeltakere (kjerneteam)

- Senior Associate Ingvill Strand
- Senior Associate Lena D. Fjørtoft
- Senior Revisor Randi Thorbjørnsen

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	03.02.15	4/15
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	033	

ÅRSMELDING FOR 2014 FRÅ KONTROLLUTVALET

Vedlegg: Utkast til årsmelding for 2014

Saksorientering:

I følge kommuneloven § 77 pkt 6 skal ”kontrollutvalget rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret eller fylkestinget”.

Utkast til årsmelding for kontrollutvalet si verksemd i 2014 følger vedlagt. Den er sett opp etter omtrent same mal som tidligare årsmeldingar.

Årsmeldinga summerer opp utvalet sin aktivitet i 2014 og gir eit samandrag av dei hovedsaker som utvalet har hatt til handsaming gjennom året. Årsmelding gjer dessutan ei total oversikt over alle saker som har vore handsama og saker til orientering.

Årsmeldinga vert lagt fram for kommunestyret til orientering etter at kontrollutvalet har godkjent den. Eventuelle endringar som måtte komme frå utvalet vil bli innarbeida før den blir vidaresendt.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TILVEDTAK:

Tysvær kontrollutval godkjenner årsmelding for 2014.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL INNSTILLING

Tysvær kommunestyre tar årsmeldinga for 2014 frå kontrollutvalet til orientering.

Aksdal, 27.01.15

Toril Hallsjø

Dagleg leiar/utvalssekretær

TYSVÆR KOMMUNE

KONTROLLUTVALET

ÅRSMELDING

2014



KONTROLLUTVALET
TYSVÆR KOMMUNE

INNLEIING

Kontrollutvalet si årsmelding er ei melding til kommunestyret om utvalet si verksemd og kva saker og oppgåver som er tatt opp og/eller handsama i 2014.

I følgje kommunelova § 77 pkt. 6 *«skal kontrollutvalget rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret»*.

1. OM KONTROLLUTVALET

Kontrollutvalet er eit lovpålagt organ som skal på vegne av kommunestyret syte for tilsynet med forvaltninga av kommunen (tekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon) og selskap som kommunen eig (selskapskontroll). Utvalet skal også sjå til at revisjonen fungerer på ein trygg måte. Ordninga er heimla i kommunelova og forskrift om kontrollutval. Kontrollutvalet er ikkje underlagt andre organ enn kommunestyret og rapporterer og innstiller direkte til dette.

2. MEDLEMMENE I UTVALET

Det er kommunestyret sjølv som vel medlemmene til kontrollutvalet. Kontrollutvalet skal ha minst tre medlem, og etter § 77 nr 1 i kommunelova skal minst eit av utvalet sine medlemmer veljast blant representantane i kommunestyret. Tilsette i kommunen er utelukka frå val til kontrollutvalet.

For perioden 2011- 2015 har Tysvær kommunestyret følgjande medlemmer:

Faste medlemmer

Leiar	Jakob Alstveit (Sp)
Nestleiar	Laila M. Ramstad Nemeth (A)
Medlem	Randi I. Rettedal (Frp)
Medlem	Tormod Førland (H)
Medlem	Gunnar Egge (V)

Varamedlemmer:

1. Hanna Marit Molland (A)
2. Trond Fludal (H)
3. Ole Andreas Stakkestad (Sp)
4. Torbjørn Berge (H)

Tormod Førland er utvalet sin kommunestyrerepresentant. Leiar og nestleiar i kontrollutvalet har møterett i kommunestyret og talerett når utvalet sine saker blir handsama. Leiar har møtt på så og sei alle kommunestyremøta.

Ordføraren har møte- og talerett i utvalet. Han har ikkje møtt i utvalet i 2014. Rådmannen har ikkje møterett, men kan bli invitert/kalla inn av utvalet. Han møtte sjølv to gonger i fjor. Det same gjorde økonomisjef, medan personalsjef og teknisk sjef møtte i utvalet ein gong.

Kontrollutvalet har eige reglement, vedtatt fyrste gong i 2011. Reglementet blei revidert i 2014.

Møta vert gjort kjent på kommunen sine nettsider og sekretariatet sine heimesider. På desse stadene vert også sakspapira og protokollar lagt ut.

3. AKTIVITETEN I KONTROLLUTVALET I 2014

Kontrollutvalet har i 2014 hatt 4 møte fordelt på to møte på våren og to på hausten. Kontrollutvalet sine møte er opne for publikum og presse. Etter lovendring frå 01.07.13 gjeld det for alle kontrollutval, med unnatak av når det er heimel i lov å lukke. Utvalet held sine møte i Kårstørommet i Tysvær rådhus.

Utvalet har i 2014 hatt 24 (23) saker til handsaming, der 5 av sakene er vidaresendt til handsaming i kommunestyret. 38 (35) saker har blitt lagt fram til orientering. Samla oversyn over saker og orienteringssaker følgjer som vedlegg til årsmeldinga.

Leiar Jakob Alstveit deltok på kontrollutvalskonferansen i regi av Norges Kommune-revisorforbund (NKRF) på Gardermoen 05.-6.02.14 og på Forum for kontroll og tilsyn sin konferanse i Haugesund i juni. Leiar deltok også på dagskonferansen for kontrollutval i Rogaland i Sandnes 20.11.14.

4. KONTROLLUTVALET SINE HOVUDOPPGÅVER

Kontrollutvalet har oppgåver knytte til internt tilsyn og kontroll gjennom rekneskaps-revisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.

4.1 REKNESKAPSREVISJON

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen sin årsrekneskap vert revidert på ein trygg måte. Kontrollutvalet skal også halde seg orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at det går føre seg i samsvar med lov og føresegner, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalet sine instruksar.

Kontrollutvalet behandla kommunen sin årsrekneskap for 2013 i møte 27.05.14 og ga følgjande uttale til årsrekneskapen:

Tysvær kommune sitt årsrekneskap for 2013 er gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk/overskott på kr 3,1 mill. kr.

Kontrollutvalet har merka seg at årsrekneskapen viser eit positivt netto driftsresultat med 41 mill. kr (inkl. momskompensasjon for investeringar), som utgjer 4,6 % av driftsinntektene eller korrigert netto driftsresultat med 17,5 mill. kr, som utgjer 2,1 % av kommunen sine driftsinntekter (fråtrekk av avtalt eigedomsskatt til Bokn kommune).

Kontrollutvalet vil peika på at revisor har under revisjonen registrert forhold som er av så vesentleg karakter at desse straks treng oppfølging frå leiinga.

Dette gjeld forhold som mangelfulle avstemmingar og/eller manglande dokumentasjon. Vidare er det peika på brot på anordningsprinsippet for avdrag på lån, og at kommunen ikkje har økonomireglement, osv.

Kontrollutvalet vil på vegne av kommunestyret be om tilbakemelding innan 01.09.14 på dei forhold som er tatt opp i korrigert årsoppgjerbrev og reknar med at forholda blir retta opp for årsrekneskapen for 2014.

Kontrollutvalet registrerer igjen at kommunen si lånegjeld er langt høgare enn det som er det tilrådde. Kontrollutvalet ber kommunestyret fortsatt ha fokus på kommunen si låneutvikling, sjølv om reell lånegjeld i % ikkje har auka.

Under tilvising til utvalet sin eigen gjennomgang av dokumenta og revisjonsmeldinga for 2013, meiner kontrollutvalet at årsrekneskapen for 2013 totalt sett gjer eit forsvarleg uttrykk for resultatet av kommunen si verksemd for 2013 og for kommunen si økonomiske stode pr. 31.12.13.

Økonomisjefen opplyste i møtet at dei tok merknadene på alvor og at det allereie var avtalt møte med revisjonen i juni. Omlegging til privat revisjon hadde vore krevjande, då kultur og kommunikasjon var ein annan enn tidligare. Nytt møte mellom revisjon og økonomikontoret blei halde i september.

Rådmannen sitt tilsvaer av 29.08.14 blei lagt fram for kontrollutvalet i møte i september, og utvalet tok utgreiinga på oppfølging av revisor sine merknader til orientering.

4.2 FORVALTNINGSREVISJON

I følge kommunelova skal kontrollutvalet sjå til at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon av den kommunale verksemda. Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden utarbeide ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen skal vedtas av kommunestyret.

Tysvær kommune sin plan for 2012-2016 blei vedteken av kommunestyret i møte 18.12.12, sak 91/12. I planen er det tatt med åtte prioriterte prosjekt.

Utvalet bad om forvaltningsrevisjon om konsekvensar av nedskjeringar i skulesektor til møtet på nyåret, men utvalet vedtok å endre prosjekt til «Budsjett- og økonomistyring i Tysvær kommune» i januar. Skifte var grunna i faglege råd frå revisor. KPMG la fram framlegg til prosjektmandat til februarmøtet. Hovudproblemstillingane var følgjande:

1. *Korleis er den økonomiske situasjonen i kommunen?*
2. *I kva grad har kommunen system og rutinar for å sikre tilfredstillande økonomistyring?*
3. *I kva grad har kommunen tilfredstillande økonomistyring i praksis?*

Rapporten blei oversendt og presentert utvalet i møte i september. Revisor kom då med eit sett med ulike tilrådingar til kommunen. Rapporten vart lagt fram for kommunestyret 28.10.14 og rådmannen har fått eit halvt år på seg til å gje tilbakemelding om oppfølginga av rapporten.

Nemnde tilrådingar gjaldt mellom anna:

- *å halde fram med dei planlagde tiltaka kring økonomistyring som meir detaljert administrativ rapportering, betre periodisering og betre samarbeid,*

- *å etablere meir formaliserte og etterprøvbare rapporteringsrutinar for månadsrapportering.*
- *med å få eit budsjett som samsvarer betre med rekneskapen, etablerer rutinar for korleis budsjettjustering og omperiodisering skal utførast og kven som er ansvarleg for kva.*
- *å utarbeide ein felles definisjon/norm på kva som er eit avvik, og deretter kommunisere dette ut til alle som har eit økonomiansvar,*
- *i større grad prioriterer avvikshandtering og då særleg fokus på det å setje i verk tiltak.*

Utvalet har igjen valt ut eit nytt prosjekt i november. Tema her er «Internkontroll og kvalitetssystem» og prosjektmandat vil bli lagt fram på nyåret.

4.3 SELSKAPSKONTROLL

I følge kommunelova er kontrollutvalet pålagt og sjå til at det vert ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap m.m. Kontrollutvalet skal også her utarbeida ein plan for gjennomføring av selskapskontroll. Planen for 2012-2016 og retningslinjene for selskapskontroll blei vedtatt av kommunestyret i møte 18.11.12, sak 90/12.

Kontrollutvalet vedtok i 2014 å delta i selskapskontroll av Haugaland Kraft AS og Haugaland Næringspark AS i lag med dei andre eigarkommunane. Det er revisjonsfirma Deloitte As som har gjennomført prosjektet, og rapport etter gjennomført kontroll er venta å bli oversendt i slutten av februar.

4.4 TILSYN MED REVISJONEN

Tilsyn med revisjonen blir gjennomført ved gjennomgang av revisjonens planer og rapporter. Utvalet innhentar kvart år uavhengighetserklæring frå ansvarleg revisor.

Kontrollutvalet gjennomførte i 2012 ein anbudskonkurranse om revisjonstenesta. KPMG As vant konkurransen og det blei inngått avtale for perioden 2012-2015 med opsjon for kommunen til å forlengje avtalen med 1 år. Kontrollutvalet behandla sak om bruk av opsjon i haust og kommunestyret slutta seg til utvalet si innstilling i møte 28.10.14, sak 50/14. KPMG AS vil då vere kommunen sitt revisjonsfirma fram til 30.06.16.

Oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor er Roald Stakland med kontor i Haugesund. Forvaltningsrevisorane har kontor i Bergen.

Revisor har møte- og talerett i utvalet sine møte, og KPMG har møtt på alle møta i 2014. Det er presentert revisjonsplan og lagt fram mandat og rapport frå forvaltningsrevisjonsarbeidet.

4.5 TILSYN MED FORVALTNINGA

Følgjande personer frå administrasjonen har vore invitert til kontrollutvalet sine møte for å orientere: rådmannen, personalsjefen, økonomisjef og teknisk sjef.

Utvalet har hatt spørsmål knytte til arbeidet med å redusere sjukefråveret. Personalsjefen orienterte i maimøtet. Utvalet ønskte og ei oppdatering når det gjaldt «Prosjekt kommunale avgifter», kor nyttilsett teknisk sjef orienterte i november. Til same møtet var det bede om ei orientering knytte til store budsjettsprekk i byggeprosjektene Førresdalen barnehage og sykkel- og gangvegen Garhaug/Søvik. Både rådmann, teknisk sjef og økonomisjef møtte og ga forklaring. Utvalet framheva at det var viktig å sikre rapporteringssystem som gjer at dei folkevalde eventuelt kunne revurdere prosjekt.

Utvalet er og blitt orientert om statlege tilsyn, budsjettvedtak, økonomiplanar, KOSTRA-tall, sjukefråversrapportar osv.

5 BUDSJETT/REKNESKAP FOR TILSYN OG KONTROLL

Tjeneste 1100	REGNSKAP	BUDSJETT	UTVALET SITT-	REGNSKAP
KONTROLL OG REVISJON	2014	2014	FRAMLEGG	2013
Godtgjersle, kurs, m.m	35.128	74 000	74 000	55 870
Revisjonstenester (avt. m/private)	342.044	410 000	410 000	365 756
Sekretariatstenester (IKS)	164 000	164 000	164 000	158 000
Sum utgifter	541.172	648 000	648 000	579.626

Kontrollutvalet handsama hausten 2014 framlegg til budsjett for internt tilsyn og kontroll for 2015. Framlegg til budsjett var på kr 670.000 eks mva. I kommunestyremøte 16.12.14 blei det vedtatt kr 675.000. Utvalet har då over 250 timer til forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.

Utgiftene skal først i KOSTRA på funksjon 110, slik at ein kan samanlikne med kva andre kommunar brukar på kontroll og tilsyn.

6. SEKRETARIATET FOR KONTROLLUTVALET

Kommunane er pålagt å ha eit kontrollutvalssekretariat som er uavhengig, dvs. ikkje knytt opp mot rådmann eller revisjon. Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS kom i drift frå 2005 og har no vore i verksemd i 10 år.

Selskapet er eid av 10 kommunar og oppgåvene blir ivaretatt av to tilsette. Sekretariatet har, i tillegg til kontakt og samarbeid med utvala, administrasjon og politisk leiing, samarbeid med fire revisjonsselskap (Deloitte, KPMG, BDO og Rogaland Revisjon), andre interkommunale selskap i regionen og sekretariata i Rogaland, Hordaland og Agder.

Selskapet har i 2014 vedtatt ny styreinstruks, etiske retningslinjer og overordna strategiplan for perioden 2014-2018.

Fast utvalssekretær har vore dagleg leiar Toril Hallsjø. Sekretariatet har eigne heimesider, www.kontrollutvalgene.no, kor mellom anna alle sakskart, protokollar og rapportar blir lagt ut fortløpande.

Aasmund Austerheim er kommunen sin representant til representantskapet, kor han er valt som leiar. Per Molland er vald som varamedlem. Arne Gjerde er leiar i styret for IKSet.

7. OPPSUMMERING

Aktiviteten i 2014 har vore som planlagt. Det har vore utarbeidd og lagt fram ein rapport og administrasjonen har gjort greie for aktuelle saker som utvalet har bede om undervegs gjennom året. Ved sekretariatet har det vore eit normalår.

Aksdal 03.02.15

Jakob Alstveit (Sp)
leiar

Laila Ramstad Nemeth (A)
nestleiar

Gunnar Egge (V)

Tormod Førland (H)

Randi I. Rettedal (Frp)

SAMLET OVERSIKT – TYSVÆR KONTROLLUTVALG 2014

Saker til behandling:

- 1/14 Endring av forvaltningsprosjekt til økonomistyring
- 2/14 Godkjenning av protokoll frå møte 12.11.13 og sak 1/14
- 3/13 Referat- og orienteringssaker 11.02.14
- 4/14 Utkast til prosjektpplan – forvaltningsrevisjon – «Budsjett- og økonomistyring»
- 5/14 Kontrollutvalet si årsmelding for 2013
- 6/14 Endra møteplan for 2014

- 7/14 Godkjenning av protokoll frå møte 11.02.14
- 8/14 Referat- og orienteringssaker 27.05.14
- 9/14 Uttale om Tysvær kommune sin årsrekneskap 2013

- 10/14 Godkjenning av protokoll frå møte 27.05.14
- 11/14 Referat- og orienteringssaker 09.09.14
- 12/14 Reglement for kontrollutvalet – endring vedk. kap. 8 om høyring
- 13/14 Revisor si egenerklæring 2014
- 14/14 Revisjonsplan for rekneskapsåret 2014
- 15/14 Budsjett 2015 - kontroll og tilsyn – kontrollutvalet si innstilling
- 16/14 Revisjonsavtalen – bruk av opsjon til 30.06.14
- 17/14 Tilsvar – revisjonsbrev nr 2 om årsrekneskap 2013
- 18/14 Forvaltningsrevisjonsrapport – «Budsjett- og økonomistyring»
- 19/14 Invitasjon – selskapskontroll – Haugaland Kraft AS og Haugaland Næringsparkas

- 20/14 Godkjenning av protokoll frå møte 09.09.14
- 21/14 Referat- og orienteringssaker 11.11.14
- 22/14 Budsjett/økonomiplan 2015-2018 – Rådmannen sitt framlegg
- 23/14 Val av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt 2015
- 24/14 Møteplan for 2015 for kontrollutvalet

Saker til orientering i kontrollutvalet 2014:

1. Komm.styrevedtak 26.11.13, sak 61 – Oppfølging av selskapskontroll – IKA IKS
2. Komm.styrevedtak 26.11.13, sak 62 - Rapport forvaltningsrevisjon – vedlikehold
3. Brev 10.01.14 til KPMG om endring av forvaltningsrevisjonsprosjekt
4. Årsrapport 2013 - skatteoppkrevjaren i Tysvær kommune
5. Skatterekneskapen 2013
6. Statusrapport pr. februar 2014
7. Sjukefravær 4. kvartal 2013 og totalt for 2013
8. Fylkesmannen i Rogaland – Informasjon om statleg tilsyn med kommunane i 2014
9. NKRF si kontrollutvalgskonferanse 2014 - 05.-06.02.14

10. Kommunen sine heimesider og plasseringa av reguleringsplanane
11. Arbeidet med å redusere sjukefraværet
12. Sjukefraværstatistikk 1. kvartal 2014
13. IA-Handlingsplan for Tysvær kommune 2014-2016
14. Varsel om tilsyn med samfunnstryggleik og beredskap i Tysvær kommune juni 2014
15. Statusrapport pr. mai 2014
16. Protokoll - representantskapsmøte 21.04.14– Interkommunalt Arkiv Rogaland IKS
17. Protokoll - representantskapsmøte 25.04.14 – Haugaland Vekst IKS
18. Protokoll - representantskapsmøte – Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
19. Representantskapsmøte 21.05.14 – HIM IKS
20. Representantskapsmøte 28.05.14, kl. 12.00 – Krisesenter Vest IKS
21. Generalforsamling 02.06.14, kl. 15.00 – Haugaland Kraft AS
22. Møte i hamnerådet 28.05.14, kl. 15.30 – Karmsund Havnevesen IKS
23. Generalforsamling 17.06.14, kl. 15.00 – Haugalandspakken AS

24. Statusrapport pr. august 2014
25. Protokoll frå representantskapsmøte – Krisesenter Vest IKS
26. Førebels rapport - tilsyn med samfunnstryggleik og beredskap
27. KS sitt brev til kommunane – vedk. det vidare arbeid med ein kommunereform

28. Orientering om jordlova
29. Orientering om status for «Prosjekt kommunale avgifter»
30. Orientering om budsjettsprekk i byggeprosjekt
31. Statusoversikt pr. november 2014
32. Presseklipp – Hgsds Avis 15.10.14 – selskapskontroll av Haugaland Kraft AS
33. Komm.styrevedtak 28.10.14, sak 50/14 – Revisjonsavtale – bruk av opsjon
34. K-styrevedtak 28.10.14, sak 71/14 – Forvaltn.rapport – budsjett og økon.styring
35. K-styrevedtak 28.10.14, sak 52/14 – Endring i reglementet for kontrollutvalet
36. Invitasjon – Høstkonferansen for kontrollutvala i Rogaland i Sandnes 20.11.14
37. Innkalling til repr.skapsmøte i HIM IKS på Toraneset 25.11.14 kl. 15.00
38. Tilbakemelding til FM - vedr oppfølging av avvik etter beredskapstilsyn 04.06.14